
Saknr: 2020/35844-1
Saksbehandlar Ingeborg Lie Fredheim
Dato: 23.01.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Melding om justert framdrift for arbeidet med ny budsjettmodell

Bakgrunn

I referatsak 3/2019 til fylkestinget «*Melding om arbeidet med ny budsjettmodell*» vart det lagt til grunn at fylkesrådmannen ville leggje fram sak for fylkestinget i mars 2020 om prinsippa for ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane frå 2021.

Fylkestinget vedtok som ein del av budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 i PS-sak 14/2019 følgjande (s. 76 i budsjettdokumentet):

«Det skal settast i gang eit arbeid med å etablere eit mål og strategidokument som skal vere eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Mål og strategidokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra. I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mogleg likeverdig tilbod. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal være styringsgruppe for dette arbeidet. Regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland vil gje retning for dette arbeidet.»

Vidare vart det i saka vedteke følgjande i verbalpunkt 16:

«Prosentvis ramme nedtrekk SFFK vert fjerna. Fylkestinget vi kome attende til harmonisering mellom dei ulike skulane i fylket i budsjett 2021, forutsett at arbeidet med Mål- og Strategiplanen er ferdig og kan leggjast til grunn.»

I PS 1/2020 «*Mål og strategiar - mandat og prosess*» 14. januar 2020 vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse m.a følgjande:

«...

5. *Prosessene med å utarbeide ny budsjettmodell for sektoren må innrettast i samsvar med prosessen for mål og strategiar*
6. *Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i september 2020.»*

Fylkesrådmannen si vurdering og tilråding

Etter budsjettvedtaket i desember 2019 må framdrifta for arbeidet med ny budsjettmodell tilpassast mål og strategiarbeidet. Ut frå framdrifta som er vedteke for dette arbeidet inneber dette, etter fylkesrådmannen si vurdering, at fylkesrådmannen først vil kunne leggje fram prinsippa for ny budsjettmodell for fylkestinget i juni 2020.